

Eid kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 03.03.2015
Møtestad: Eid kommunehus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Revisor i sak 3
Rådmannen i sak 4

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
001/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/15	Skriv og meldingar
003/15	Revisor sin ubundenskap
004/15	Masseuttak i Eid kommune
005/15	Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring
006/15	Årsmelding 2014 - Eid kontrollutval
007/15	Møteplan 2015 Eid kontrollutval
008/15	Orientering - protokollar utval / styre
009/15	Oppfølgingsliste 1 - 2015
010/15	Eventuelt

Med helsing

Roy André Høyenes Bruvoll
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 001/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/124
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 002/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/354
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	15.12.2014	Forvaltningsrevisjon - oppfølging av vedtak	14/883
2	02.12.2014	Tilsynsrapport Eid kommune barnevern	14/862
3	18.02.2015	Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Eid kommune	15/419
4	13.01.2015	Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat	15/79
5	01.12.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	14/804

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Sekom Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår ref.
14/1093-4/K1-020/JEA

Dato:
15.12.2014

FORVALTNINGSREVISJON - OPPFØLGING AV VEDTAK

Kommunestyret i Eid har i møte 11.12.2014 i KS-sak 133/14 gjort følgende vedtak:

1. Rapport fra forvaltningsrevisjon om oppfølging av vedtak vert teken til orientering.
2. Rådmannen får i oppdrag å følge opp tilrådingane på side 4 i rapporten.

Vedlagt følger særutskrift fra møteboka av saka.

Brevet vert kun sendt elektronisk.

Med helsing

Elin Leikanger
Konstituert Rådmann

Janne Endal Andersson
Saksbehandler
41218796

Kopi til:

Rune Engeseth	Kommunalsjef	6771	NORDFJORDEID
Kari Krogh	Kommunalsjef	6771	NORDFJORDEID
Elin Leikanger		6771	NORDFJORDEID
Markvar Sunde		6770	NORDFJORDEID
Harald Sivertsen	Kommunalsjef	6770	NORDFJORDEID
Kay Rune Solheim			
Ole Starheim	Økonomisjef	6770	NORDFJORDEID



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Kommunestyret	11.12.2014	133/14	ELE

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 020	Arkivsaknr
Saksbehandler: Elin Leikanger	Objekt:	14/1093

Forvaltningsrevisjon - oppfølging av vedtak

Vedlegg 1: Sak Forvaltningsrevisjon - Oppfølging av vedtak

Vedlegg 2: Rapport frå forvaltningsrevisjon

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

EID-045/14 Vedtak:

1. Rapport frå forvaltningsrevisjon om oppfølging av vedtak vert teken til orientering.
2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp tilrådingane på side 4 i rapporten.

11.12.2014 KOMMUNESTYRET

KS-133/14 VEDTAK:

Som tilrådinga. Samrøystes.

Elin Leikanger
-konst.rådmann-



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med kommunens arbeid med oppfølging av barn i fosterheim i Eid kommune

Adressa til verksemda: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid
Tidsrom for tilsynet: 08.05.2014 – 05.11.2014
Kontaktperson i verksemda: Lisbeth Fanøy Nord

Samandrag

Rapporten gjer greie for avvik som blei avdekt innanfor dei reviderte områda.

Systemrevisjonen gjaldt kommunal barnevernsteneste sitt arbeid med barn som bur i kommunale fosterheimar.

Tilsynet såg på følgjande undertema:

- Oppfølging og kontroll av situasjonen til barnet i fosterheimen
- Barnets medverknad
- Råd og rettleiing til fosterforeldre
- Oppfølging av biologiske foreldre

Fylkesmannen avdekte eitt avvik under systemrevisjonen i Eid kommune.

Avvik:

Kommunen har ikkje god nok styring og kontroll med oppfølginga av det enkelte barn i fosterheim.

Dato:

Line Pedersen Døsen
revisjonsleiar

Turid Måseide
revisor

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Omtale av kommunen - spesielle forhold.....	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	5
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	7
7. Regelverk	8
8. Dokumentunderlag.....	8
9. Deltakarar ved tilsynet	9

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved barnevernstenesta i Eid kommune i perioden 08.05.2014- 05.11.2014. Revisjonen er ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i 2014, og er ein del av et landsomfattande tilsyn, gjennomført etter oppdrag frå Statens Helsetilsyn.

Fylkesmannen har heimel til å føre tilsyn med barnevernstenesta etter lov om barnevernstenester § 2-3 fjerde ledd bokstav a.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen gjennom sin internkontroll tek i vare/sikrar at barnevernstenesta etterlever krava i lovgjevinga.

Revisjonen omfatta å undersøke:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigererte
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved dokumentgransking, intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.
- **Merknad** gjeld forhold som ikkje er i strid med krav gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å peike på eit potensiale for betring.

2. Omtale av kommunen - spesielle forhold

Eid kommune er ein av dei større kommunane i Sogn og Fjordane, med om lag 6000 innbyggjarar. Barnevernstenesta ligg under tenesteområde helse og sosial i lag med fysioterapitenester, helsestasjonen, Nav, legetenestene, vernepleiartenestene, flyktingtenestene og interkommunale tenester i Nordfjord sjukehus NLV+LFV.

Barnevernstenesta har på tilsynstidspunktet fire heile sakshandsamarstillingar i tillegg til ein fagleiar i 80% stilling og avdelingsleiar i 100% stilling. I lag med Gloppen og Stryn har Eid to årsverk med miljøterapeutressursar til tiltaksarbeid. Tenesta har ein eigen «einsleg mindreårig»- koordinator i 100% stilling, med 6 årsverk tilknytt tenestene retta mot einslege mindreårige. Vi er kjende med at frå det frå 15. september er tilsett ny fagleiar i 100% stilling for eitt år.

Eid kommune har svært mange fosterheimsplasseringar i forhold til folketal.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 08.05.2014. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, motteke her 19.06.2014, går fram i kapittel 7, dokumentunderlag.

Opningsmøte blei halde 09.09.2014.

Intervju: 6 personar blei intervjuet.

Sluttmøte blei halde 11.09.2014.

Førebels rapport blei sendt ut: 30.09.2014.

Endeleg rapport blei sendt ut: 05.11.2014.

4. Kva tilsynet omfatta

Føremålet med tilsynet er å undersøke om kommunen, gjennom sine styringstiltak, sikrar at deira oppfølging og kontroll av barnet sin situasjon i kommunale fosterheimar blir utført i tråd med gjeldande lovkrav.

Barnevernstenesta skal syte for/sikre at kvart enkelt barn som bur heile eller delar av oppveksten i fosterheim får tilfredsstillande omsorg, og at dei føresetnadane som blei lagt til grunn for plasseringa blir følgde opp.

Barnevernstenesta skal gje fosterforeldra nødvendige råd, opplæring og rettleiing og besøke fosterheimen så ofte som nødvendig for å kunne vere trygg på at barnet er godt nok teke i vare. Barn i fosterheim er ofte sårbare og mange av dei treng ekstra vern og støtte. Både oppfølging frå og tilgjenge til barnevernstenesta er nødvendig for å sikre at barnet får god omsorg.

Barnets rett til medverknad er nedfelt både i FNs barnekonvensjon og nasjonal lovgjeving. I medverknad inngår barnets rett til informasjon, til å bli høyrte og til å uttale seg før barnevernstenesta tek avgjerder som gjeld barnet. Det skal leggast vekt på kva barnet meiner ut frå barnets alder og utvikling. Barnevernstenesta skal snakke med alle barn som er fylt 7 år.

Tilsynet omfattar følgjande tema:

Kommunal barnevernsteneste sitt arbeid med barn som bur i kommunale fosterheimar.

- Oppfølging og kontroll av situasjonen til barnet i fosterheimen
- Barnets medverknad
- Råd og rettleiing til fosterforeldre
- Oppfølging av biologiske foreldre

Definisjonar og avgrensingar:

Tilsynet undersøkte ulike forhold ved barnets situasjon i tidsrommet frå barnet er flytta inn og så lenge det bur i fosterheimen. Arbeid med flytting, tilbakeføring eller ettervern er ikkje ein del av tilsynet.

Fosterheim er private heimar som tek imot barn til oppfostring, på grunnlag av barnevernstenesta si avgjerd om hjelpetiltak etter barnevernslova, i samband med omsorgsovertaking eller når foreldra sjølv plasserer barnet utanfor heimen, jf. § 4-22. Heimane vert kalla kommunale fosterheimar når fosterforeldra har avtale med og tek imot godtgjersle frå kommunen.

5. Funn

Avvik:

Kommunen har ikkje god nok styring og kontroll med oppfølginga av det enkelte barn i fosterheim.

Avvik frå:

Barnevernlova §§ 4-5 og 4-16, jf. §§ 4-4 fjerde ledd og 4-12, forsvarlegkravet, jf. barnevernlova § 1-4, det ulovfesta dokumentasjonskravet og internkontrollforskriftens § 4 andre ledd bokstav a-h.

Observasjonar:

- Ved intervju kom det fram at kommunen har som mål å utarbeide skriftlege prosedyrar for fosterheimsarbeidet og gjere dei tilgjengelege for alle tilsette. Per i dag brukar dei tilsette lov og forskrift, rutinehandbok og rettleiarar, barnevernsmøtet og kvarandre. Ved intervju går det fram at dei tilsette ikkje har sams forståing av kva oppgåver som ligg i å følgje opp og kontrollere barnets situasjon i fosterheim generelt, eller korleis dei tilsette skal vurdere og følgje opp barnets individuelle behov (til dømes ved spesielle behov, innflytting, spesielle periodar osv.).*
- Ved mappegjennomgang kjem det fram i minst 5 av 15 saker at det ikkje er tettare oppfølging i periodar der barnet eller fosterheimen har særlege behov.*
- Det går fram av mappegjennomgang at tenesta i 8 av 15 saker har redusert fosterheimsbesøk frå 4 til 2 pr. år, utan at det går klart fram kva kriterier som ligg til grunn for reduksjonen. Ved intervju gjekk det fram at kommunen ikkje har klare kriterier for vurdering av oppfølgingsbehovet. Tenesta har i 3 av 15 saker dokumentert oppfølgingsbesøk sjeldnare enn minimumskrava (4, eventuelt 2 gonger per år).*
- Det kjem fram i intervju at skjemaet «kvalitetssikring av fosterhjemsarbeidet» skal brukast i alle saker. Mappegjennomgangen viser at det er brukt i alle saker, men at det ikkje alltid er oppdatert.*
- Innhenta dokumentasjon, intervju og mappegjennomgang viser at kommunen ikkje har klare rutinar for innhaldet i og gjennomføring av besøk i fosterheim eller for å hente inn opplysningar om barnets situasjon og individuelle behov frå samarbeidande instansar.*
- Mappegjennomgangen viste at det mangla tilsynsrapportar i 5 av 15 saker. Det går fram av intervju at barnevernstenesta ikkje systematisk bruker tilsynsrapportane i oppfølgingsarbeidet.*
- Det går fram av intervju og innhenta dokumentasjon at kommunen ikkje har rutinar for å vurdere om det er nødvendig å utarbeide individuell plan i saker der barnet kan ha behov for langvarige og koordinerte tiltak eller tenester. Mappegjennomgangen viser i minst 4 av 15 saker at barnet får hjelp frå fleire*

tenester, utan at det er dokumentert at det er vurdert om det er behov for individuell plan.

- Ved intervju og mappegjennomgang går det fram at dei tilsette gjer barnevernsfaglege vurderingar, men kommunen sikrar ikkje at desse og andre nødvendige og relevante opplysningar om barnet til ei kvar tid vert dokumenterte.*
- Det kom fram i intervju og ved mappegjennomgang at kommunen ikkje systematisk ser til at fosterforeldre og barnet vert høyrde før dei tek viktige avgjerder i saka.*
- Ved intervju kom det fram at barnevernstenesta brukar barnevernsmøtet som arena for kvalitetssikring av arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim. Kommunen har ikkje anna kontroll med at oppfølgingsarbeidet alltid er i samsvar med gjeldande lovkrav.*
- Ved intervju kom det fram at kommunen har eit system for melding av avvik, men at det ikkje vert meldt avvik frå barnevernstenesta. Avvik i barnevernstenesta vert meldt munnleg til barnevernsleiar og lukka i samråd med leiar. Kommunen sikrar ikkje at avviksmeldingane vert samla og nytta systematisk i forbetningsarbeidet.*
- Ved intervju kom det fram at kommunen heller ikkje sikrar at erfaringar frå tilsette, barn, fosterforeldre, foreldre, besøksheim, støttekontaktar eller andre oppdragstakarar og samarbeidspartar systematisk vert innhenta og brukt i forbetningsarbeidet (rapportar, møte eller telefonkontakt mv).*
- I følgje årshjulet skal det årleg gjennomførast brukarundersøkingar, medarbeidersamtalar og medarbeidarundersøkingar. Vi har ved intervju fått vite at dette ikkje er gjort.*
- Kommunen har ikkje samla oversikt over alle typar klagar og eigne resultat, til dømes frå halvårsrapporteringa til Fylkesmannen når det gjeld oppfølging av barn i fosterheim (tal gjennomførte besøk i heimen m.m.), og brukar ikkje systematisk denne typen informasjon ved regelmessig gjennomgang og forbetring av tenesta.*
- I følgje årshjulet skal det gjennomførast ros-vurdering i tenesta kvart halvår. Det har ved dokumentasjon og intervju kome fram at kommunen har ansvar for relativt mange barn i fosterheim, at oppfølgingsarbeidet er vurdert som ressurskrevjande og at det er brukt vikarar i tenesta, både for leiar og sakshandsamarar. Kommunen har likevel ikkje gjort vurderingar av sårbare område knytt til oppfølging av barn i fosterheim, og det er heller ikkje sams forståing for kvar det er størst fare for svikt.*

Kommentar:

Tenester etter barnevernslova skal vere forsvarlege. Både vurderingar, tiltak og vedtak skal vera dokumenterte. Barnevernstenesta må skrive ned det som kan ha betyding for vidare utgreiing og tiltak. Tenesta treng dokumentasjon for å sikre samanheng i arbeidet sitt, og dokumentasjonen gjer det lettare for partane å ivareta rettane sine i saka. Det er ikkje eit krav at tenesta skal dokumentere i journal, men kravet til god forvaltningsskikk inneber at det skal vere mogleg å sjå i saksdokumenta kva faglege vurderingar som ligg til grunn for barnevernstenesta sine avgjerder. Barnevernstenesta skal også skrive referat frå besøk i fosterheimen, møter, samtaler med barnet mv.

Internkontrollen skal sikre at tenestene er forsvarlege og i samsvar med lovkrava elles. Det betyr at kommunen må ha eit system som sikrar at arbeidet i barnevernstenesta vert planlagt, utført og evaluert i samsvar med lovkrava. Det er viktig at kommunen er merksam på tilhøve som kan føre til svikt i tenestene og aktivt bruker kunnskap om uønskete hendingar i forbetningsarbeidet.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Forskrift om internkontroll for kommunen sine oppgåver etter barnevernslova pålegg kommunen å sikre og dokumentere at dei etterlever lovkrava, jf. bvl. § 2-1 andre ledd. Internkontrollforskrifta inneheld konkrete krav til styring og leiing. Krava til styring og kontroll inneber mellom anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, utarbeide nødvendige rutinar og prosedyrar, og sikre at dei tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at dei tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Gjennom systematiske risikovurderingar av området, tilbakemeldingar frå barn, fosterforeldre, foreldre og samarbeidspartar, i tillegg til meldingar om avvik, kan kommunen fange opp om tenesta ikkje er i samsvar med regelverket. For å få oversikt over område der det sviktar/er fare for svikt må kommunen ha eit system for å etterspørje og ta i mot meldingar om uønskete hendingar, og kommunen må systematisk bruke kunnskap og tilbakemeldingar frå eigne tilsette og brukarar av tenesta til kvalitetsbetring.

Kommunen sine skriftlege prosedyrar og avviksmeldesystem er tilgjengelege i den elektroniske løysinga «Kvalitetslosen». Systemet er kjent blant dei tilsette, men dei tilsette har enno ikkje teke i bruk avvikssystemet i «Kvalitetslosen». Dei tilsette har ikkje felles forståing for kva som skal meldast som avvik, og rutinane for å melde avvik oppover i systemet er ikkje etablerte. Kommuneleiinga etterspør avviksmeldingar, men har ikkje klart å etablere ei felles forståing for korleis forbetningsarbeid på systemnivå gjennom avvikshandtering vil kunne heve kvaliteten på dei enkelte tenestene. Dette kan ha medverka til at svikt i arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim ikkje er avdekt, og at kommunen ikkje har sett i verk tiltak for å rette opp feil og førebygge at tilsvarande feil skjer igjen.

Tilsynet viste at internkontrollsystemet i Eid kommune ikkje er innretta slik at det sikrar mot svikt i oppfølging av barn i fosterheim. Summen av svikt i styringa som er avdekket ved dette tilsynet, medfører risiko for at barn som er plasserte i fosterheim ikkje får omsorg tilpassa sine individuelle behov, slik dei etter barnevernlova har krav på.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon (barnekonvensjonen)
- Lov om barnevernstenester (barnevernlova)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om internkontroll for oppgåvene til kommunen etter barnevernlova (internkontrollforskrifta)
- Forskrift om fosterheim

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Organisasjonskart
- Eid kommune møtebok –Adm. Vedtak: «Delegering av mynde i barneverntenesta periode 18.11.13-18.11.14»
- «Ansvars- og oppgåvefordeling i perioden 18.11.2013-18.11.2014 i Eid barnevernteneste»
- Delegeringsreglement for Eid kommune
- Administrativt delegeringsreglement for Eid kommune
- Kvalitetshandbok, Eid kommune
- «Avviksbehandling» frå «Kvalitetslosen»
- «Helse, Miljø og Tryggleik for Eid kommune- felles del»
- Risikovurdering – Bedriftshelsetenesta
- «Tilgongar til it-nettverk/fagsystem i Eid kommune
- Skjema: «Rutine for oppfølging av fosterbarn- 4-4 5.ledd og 4-12 plasseringar»
- Rutine: «Oppfølging av biologiske foreldre etter plassering av barn etter lov om barneverntenester § 4-12»
- Rutine: «Omsorgsplan for barn under omsorg»
- Årsrapport for Eid kommune 2013
- Verksemdsplan: «Plan for verksemda i Eid barneverntenesta 2014»

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Totalt 15 saksmapper der 11 barn var plassert med heimel i. § 4-12 og 4 barn plassert med heimel i § 4-4 fjerde ledd. Deler av sakene blei gjennomgått i fagsystemet «Familia»
- Kommunen sine skriftlege prosedyrar og avviksmeldesystem i den elektroniske løysinga «Kvalitetslosen»
- Perm med notat/ kopi av drøftingar etter barnevernsmøter

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om systemrevisjon datert 08.05.2014
- E-post frå kommunen om utsett frist
- Innsendt dokumentasjon datert 16.06.2014
- Program for tilsynet datert 03.07.2014
- Telefon og e-post korrespondanse om oversikt over saker, samt endring i intervjuobjekt
- Førebels rapport datert 30.09.2014

- Kommenterar til førebels rapport dater 15.10.2014
- Telefondialog kring kommunens kommentarar
- Endeleg rapport datert 05.11.2014

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Berit Vik	Fungerande fagleiar	x	x	x
Monica Skarstein	Sakshandsamar	x	x	x
Britt Remme	Sakshandsamar	x	x	X
Katrin Balsnes Lyngstad	Sakshandsamar	x	x	x
Lisbeth Fanøy Nord	Avdelingsleiar	x	x	x
Elin Leikanger	Konstituert rådmann	x	x	x

Frå tilsynsorganet deltok:

Turid Måseide

Monica Åsen Gjerald

Line Pedersen Døsen (revisjonsleiar)



Skatteetaten

Saksbehandlar
Oddmund Midtbø

Dykkar dato

Vår dato
13.02.2015

Direkte tlf
99166232

Dykkar referanse

Vår referanse
2014/99169

Kommunestyret i Eid kommune
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Kontrollrapport 2014 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Eid kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sin årsrapport:

Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013	Tal årsverk 2012
2,0	2,1	2,1

Postadresse
Njøsavegen 2

6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Eid kommune viser per 31. desember 2014 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 525 694 319 og uteståande restansar² på kr 7 196 671, av dette krav stilla på vent kr 188 425. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 16. januar 2015.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2014 for Eid kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2012	10,7	97,0	94,0	98,6	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2013	72,6	99,7	99,8	99,8	99,8
Forskotskatt personlege skattytarar 2013	30,8	100,0	99,0	100,0	99,4
Forskotttrekk 2013	185,7	100,0	99,9	99,9	99,9
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2013	21,1	100,0	99,8	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2012	5,3	100,0	99,0	100,0	99,1

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultat for kommunen per 31. desember 2014 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2014	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utførte kontrollar 2012 (i %)	Utført kontroll 2014 region (i %)
276	14	14	5,1	4,8 %	5,2 %	4,6 %

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2014 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



5. Resultat av utført kontroll

• Intern kontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

• Skatte- og avgiftsinnkreving

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkreivjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2014 ikkje gjeve pålegg og tilrådingar.

Venleg helsing

Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest

Jan Kåre Strøm
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Eid kommune
- Skatteoppkrevjaren for Eid kommune
- Riksrevisjonen

Skriv og melding i kontrollutvala og styret for SEKOM-sekretariat

Dato: 12.01.2015
Vår referanse: 15/79
Arkiv: FE-000

Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat Til informasjon

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har tinging rapport med evaluering av kontrollutval og sekretariat frå Deloitte. Klipp frå Regjeringen.no pr 12.1.15:

The screenshot shows the Regjeringen.no website interface. At the top is a dark blue header with the Norwegian coat of arms and the text 'Regjeringen.no'. Below this is a navigation bar with links for 'Tema', 'Dokumenter', 'Aktuelt', 'Departementene', and 'Regjeringen'. A search bar with a 'Søk' button is also present. The main content area displays the title 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalssekretariat' and the date 'Rapport | Publisert: 09.01.2015'. A sidebar on the right identifies the department as 'Kommunal- og moderniseringsdepartementet'. Below the title, there is a paragraph stating that Deloitte has completed an evaluation for the department. A 'RELATERT' (Related) section lists a document titled 'Evaluering av kontrollutvalg og kontrollsekretariat'. At the bottom, there is a link to the PDF version of the report.

Pdf-versjon av rapporten: www.regjeringen.no -> Dokumenter -> Rapporter og planer.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

Dato: 28.11.2014
Vår referanse: 14/804
Arkiv: FE-007

Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon Frå Etikkonferansen 2014

Klipp frå KS sine nettsider den 28.11.14 med ein artikkel som var publisert 25.11.14.
Vi legg dette notatet ved som informasjon under skriv og meldingar i kontrollutvala.
[Her finn du lenke til Etikportalen der du finn meir om emnet.](#)

Beskytt kommunen! Etikkonferansen 2014

25.11.2014

[f](#) [t](#) [in](#) [e](#) [Skriv ut](#) [Tips](#)

På etikkonferansen 2014 ble det lansert en ny versjon av "Beskytt kommunen!", en håndbok i antikorrupsjon. Flere innledere bidro til et rikholdig og bredt program på konferansen.



- Et godt etisk immunforsvar angår oss alle, men vi som politiske ledere har et særskilt ansvar, sa kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Statsråden fikk overrakt håndboken personlig, av nestleder i KS, Bjørn Arild Gram.

- Å styrke lokaldemokratiet er noe av det viktigste arbeidet KS gjør, og da er det helt vesentlig at innbyggerne har høy tillit til de folkevalgte.

Et godt samarbeid

- Vi ønsker oss at etiske dilemmaer bør diskuteres høyt og tydelig på alle arbeidsplasser, sa Guro Slettmark, som leder Transparency International.

Organisasjonen jobber for "en verden fri for korrupsjon" og har siden 2011 etablert et nettverk for 40 kommuner og fylkeskommuner i samarbeid med KS. På Etikskonferansen 2014 ble noen av resultatene fra samarbeidsprosjektet presentert, deriblant en fornyet utgave av "Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon".

Håndboka henvender seg til folkevalgte, ledere, ansatte og tillitsvalgte i kommuner og fylkeskommuner og gir gode råd for hvordan jobbe aktivt med å forebygge, avdekke og håndtere korrupsjon.

Mange innledere bidro til et rikholdig program på konferansen, og flere av presentasjonene kan hentes frem nedenfor her.

Eksempelbank

Det er også laget en eksempelbank "Korrupsjonsfaren i kommuner –sårbarhet, verktøy og metoder" som oppsummerer noen erfaringer og råd om korrupsjonsforebyggende arbeid fra kommuner og fylkeskommuner som har deltatt i KS og TI's korrupsjonsforebyggende nettverk 2013- 2014. Her gis eksempler på sårbarhet og risikoområder i kommunene, beskrivelse av forebyggende tiltak og systemer, samt verktøy for holdningsskapende aktiviteter. Det gis også noen anbefalinger om hva ledelsen/kommunens administrative ledelse kan gjøre. Kommunene må selv etablere sine systemer og fastsette nivå og mål for eget arbeid.

KONTAKTPERSONER FOR DENNE SAKEN

Spikkeland, Lise Lokaldemokrati og kommuneøkonomi
Lise.Spikkeland@ks.no

SENTRALE LENKER OG DOKUMENTER

-  [Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon](#)
-  [Korrupsjonsfaren i kommuner](#)
-  [Bjørn Arild Gram Tillit til lokaldemokratiet](#)
-  [Alexandra Bech Gjerv Korupsjon i kommunene](#)
-  [Tor Dølvik Hva har kommunene lært oss?](#)
-  [Erik Amnå Tillitens gränser](#)
-  [Helge Eide 2600 kommunalt eide selskaper](#)

Med helsing

Arnar Helgheim

Dagleg leiar

Tlf 57 61 27 85 / 975 81 418

ah@sekom.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 003/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 15/20
---	-------------------------------------	------------------------------

Revisor sin ubundenskap

Vedlegg:

Dok.dato 07.01.2015	Tittel Ubundenskap r-sj.pdf	Dok.ID 1239
-------------------------------	---------------------------------------	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor, Markvard Sunde, si eiga vurdering av revisor sin ubundenskap datert 2.1.2015 til orientering.

...

Saksutgreiing:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor, har i brev datert 2.1.2015 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap, sjå vedlagde erklæring.

(utklipp frå brevet til revisor)

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommunelova § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som kan svekke oppdragsansvarleg revisor sin tillit, med omsyn til ubundenskap og objektivitet, overfor kommunen.

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Kopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigenvurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særleine tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.


Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
-------------------------------	--	--	---	---

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er valt styremedlem i Stryn Røde Kors, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg er gift med Jorunn Guddel som er tilsett som assistent på kjøkkenet ved Stryn omsorgssenter. Søster til Jorunn, Borghild Guddal, er tilsett som avd.ingeniør ved teknisk kontor i Stryn kommune. Bror til Jorunn, Rasmus Guddal, er varamedlem til kontrollutvalet i Stryn kommune. Eg har elles ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betyding for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	<i>Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvart einskild tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 004/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FA-L40, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 15/127
---	-------------------------------------	-------------------------------

Masseuttak i Eid kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.02.2015	Oversending av informasjon knytt til massetak i Eid kommune - sak 25/14 - møte i kontrollutvalget 12.06.2014	1567

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet syner til informasjon til kontrollutvalet 12.6.14 ved byggesakshandsamar Synnøve Kvalheim Berg. Vi har notert oss at det var ønskjeleg med oppdatert informasjon vinteren / våren 2015.

Saksutgreiinga til kontrollutvalsmøte 12.6.14 oppsummerer saka:

I kontrollutvalsmøtet 11.09.2012 vart det diskutert kring masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 tok kontrollutvalsleiar kontakt med Sekom sekretariat der det vart bede om å hente inn informasjon om masseuttak i Eid kommune. 12.10.2012 har Sekom sekretariat sendt brev til Eid kommune med følgjande spørsmål om masseuttak i Eid kommune:

- 1. Kor mange masseuttak er det i Eid kommune som er godkjende av Bergverket?*
- 2. Kven har avtale og kor lenge har dei enkelte av desse avtalar om å ta ut masse? Dette både opp mot grunneigar og kommunen.*
- 3. Kven i kommunen har ansvar for masseuttak, og kven følgjer opp avtalane og planane for dei enkelte masseuttaka?*
- 4. Har kommunen system for å kontrollere at områda for masseuttaka er avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?*
- 5. Er områda for masseuttaka pr i dag avgrensa og forsvarleg sikra/inngjerda?*

Eid kommune har svart på brevet 30.10.2012.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 27.11.2012. Det vart gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om å få tilsendt rapport etter siste tilsyna direktoratet har gjort av masseuttaka i Eid kommune. Jfr opplysning i brev frå Eid kommune til kontrollutvalet av 30.10.2012.*
- *Kontrollutvalet etterlyser informasjon om masseuttaket ved Lidastranda, og ber om å få opplyst kva status kommunen har for dette uttaket.*

På grunnlag av dette vedtaket sendte Sekom sekretariat brev til Eid kommune og bad om nemnte opplysningar. Eid kommune svarte i brev av 03.01.2013. Ved brevet låg oversikt over dei tilsyn som hadde blitt utførde, samt merknader til desse.

Av brevet frå kommunen gjekk det også fram at for Lidastranda, som det var spurt særskilt om, er slik at området er regulert til masseuttak i arealdelen av kommuneplanen, men då med krav om reguleringsplan. Slik reguleringsplan eksisterer ikkje og området er såleis ikkje godkjent som masseuttak av kommunen. Kommunen er heller ikkje kjend med at ein slik reguleringsplan er under utarbeiding. Det vert vist til brevet frå rådmannen for nærare detaljar.

Saka vart handsama i kontrollutvalsmøte 27.02.2013.

I kontrollutvalssak 004/13 Masseuttak Eid kommune gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*
- *Kontrollutvalet vil særleg peike på at all aktivitet må vere heimla i godkjende planar.*
- *Kontrollutvalet ber om tilbakemelding om korleis dette vert følgt opp innan 1. juni 2013.*

Saka vart sist handsama i møte 10.09.2013 sak 036/13, og det vart gjort følgjande vedtak: Orienteringa vert teken til vitande. Saka blir fulgt opp i løpet av våren 2014.



Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBAN0KK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282 MVA

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Informasjon om at overgangsordningen i mineralloven avsluttes i løpet av 2014

Mulig økt henvendelse til kommunen om arealavklaring

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) sender i disse dager ut et informasjonsskriv til drivere av massetak uten konsesjon etter mineralloven.

Vi minner i dette skrevet om avslutning av overgangsordningen i mineralloven, og at frist for å få på plass driftskonsesjon er 1. januar 2015.

Vi regner med at en del kommuner får et økt antall henvendelser (om arealavklaring) i forbindelse med dette. Vi sender derfor ut denne korte informasjonen om temaet.

Mineralloven

Mineralloven er sektorlov/bransjelovverk for mineralnæringen og trådte i kraft 1. januar 2010. Loven forvaltes av DMF.

Arealbruken er regulert av plan- og bygningsloven som forvaltes av den enkelte kommune, mens terrenginngrepet må utføres i henhold til driftsplan som skal godkjennes av DMF.

Etter 5 års overgangsperiode og før 1. januar 2015 skal alle mineraluttak som omfattes av mineralloven ha driftskonsesjon og godkjent drifts- og avslutningsplan.

Et fåtall masseuttak kan drive i henhold til tidligere konsesjoner som nevnt i mineralloven § 69.5, det vil si:

- ervervskonsesjon med driftsvilkår etter konsesjonsloven, kalkstensloven eller kvartsloven, eller
- konsesjon med driftsvilkår etter industrikonsesjonsloven

Driftskonsesjon

Ordningen med driftskonsesjon innbefatter en aktørgodkjenning, det vil si at DMF vurderer kompetanse, økonomisk skikkethet og om det legges opp til bergfaglig forsvarlig drift. Det stilles krav til opprydding og istandsetting både under og etter avsluttet drift.

Driftskonsesjon kan i prinsippet tildeles for et nærmere definert område (konsesjonsområde) uten at uttaksområdet er avklart etter annet lovverk. En slik konsesjon vil i praksis være verdiløs dersom forholdet til annet lovverk som pbl., forurensningslov, kulturminnelov osv. er uavklart.



Manglende avklaring i forhold til plan- og bygningsloven

DMF er kjent med at det i svært mange kommuner finnes både grus- og steinuttak som ble startet opp lenge før slike tiltak ble regulert gjennom lovverk. Etterhvert har slike masseuttak blitt regulert gjennom f.eks. plan- og bygningsloven, forurensningsloven, kulturminne-loven, naturmangfoldloven. Av forskjellige årsaker har ikke dette blitt fulgt opp for alle uttak i tilstrekkelig grad av ansvarlige myndigheter og dermed er det mange uttak som ikke har noen formell planavklaring i forhold til bestemmelsene i kommunens arealplan eller kommunedelplaner.

Konsesjonssøknad og høring

Søknad om driftskonsesjon og forslag til driftsplan sendes på høring før DMF fatter vedtak om konsesjon. På den måten kan vi fange opp hvorvidt konsesjonsområdet og andre forhold rundt terrenginngrepet er avklart i forhold til annet lovverk, herunder også kommunens arealplan med bestemmelser. Flere kommuner, fylkeskommuner og fylkesmenn velger imidlertid å avvente sin høringsuttalelse inntil det foreligger en formell planavklaring etter pbl., f.eks. godkjent reguleringsplan.

Konklusjon

Direktoratets råd til den som skal søke om driftskonsesjon, er at det gjelder å være tidlig ute med planavklaring etter plan- og bygningsloven for å unngå ulovlig drift etter 01.01 2015.

Vennlig hilsen

Torbjørn Killi Olsen
seksjonssjef

Marte Kristoffersen
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Mottakere:

- Alle landets kommuner

Kopi til:

- Alle fylkesmenn
- Alle fylkeskommuner

Vedlegg: 1 (Informasjonsskriv til drivere av massetak)



EID KOMMUNE

PLAN-OG UTVIKLINGSAVDELING

✓ Volda Maskin AS
Hamnegata 3
6100 VOLDA

Vår ref.
12/2070-11/K2-U24//SKB

Dykkar ref.

Dato:
07.05.2014

INFORMASJON TIL DRIVARAR AV MASSETAK - TILBAKEMELDING PÅ OPPLYSNINGAR OM MASSETAK I EID KOMMUNE

Vedlagt ligge oversikt og opplysningar om massetak i Eid kommune, samt kopi av skriv frå Direktoratet for Mineralforvaltning.

Vi ber om at dykk orienterer dykk om vedlagte informasjon og melder i frå til Eid kommune om noko av informasjonen i oversikta over massetak (konsesjon, driftsplan, drivarar mv.) ikkje skulle vere riktig.

Eid kommune opplyser om at informasjonen om massetaka mellom anna skal nyttast i ein avisartikkel om massetak i Eid kommune.

Frist for tilbakemelding vert sett til 30. mai 2014.

Vi gjer elles oppmerksam på at Eid kommune no vil legge ut forslag til ny arealdel til kommuneplanen på høyring. I høyringsperioden vil det vere anledning til å komme med innspel til planen, til dømes til framtidige eller eksisterande område for massetak eller dei tilhøyrande føresegnene.

Med helsing

Synnøve Kvalheim Berg
Byggesaksbehandlar
synnove.kvalheim.berg@eid.kommune.no
57885805

Postadr.:
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid
Kontoradresse:
Rådhusvegen 11
org.nr: 938521816

Telefon:
57 88 58 00

Telefaks:
57 88 58 01

Bankgiro:
3790.07.00130
5398.05.01120

E post:
post@eid.kommune.no
Heimeside:
<http://www.eid.kommune.no>



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

DATO: 03.03.2014

VÅR REF: 14/00323-1

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 40 50
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANØKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282 MVA

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Viktig informasjon til drivere av massetak!

Avslutning av overgangsordning i mineralloven – frist for å ha på plass driftskonsesjon er 1. januar 2015.

Alle drivere på mineralske forekomster med uttak på totalt mer enn 10 000 m³ og alle uttak av naturstein uansett størrelse, skal senest 1. januar 2015 ha driftskonsesjon. Da mineralloven trådte i kraft 1. januar 2010 fikk mange igangværende virksomheter en overgangsperiode på 5 år for å få på plass driftskonsesjon.

Skal du drive videre fra 1. januar 2015 må du derfor snarest søke om driftskonsesjon dersom du ikke allerede har:

- driftskonsesjon etter mineralloven eller
- ervervskonsesjon med driftsvilkår etter konsesjonsloven, kalkstensloven eller kvartsloven, eller
- konsesjon med driftsvilkår etter industrikonsesjonsloven

Vi gjør oppmerksom på at drift uten nødvendig konsesjon innebærer at Direktoratet for mineralforvaltning kan iverksette tiltak og sanksjoner etter minerallovens kapittel 12.

Mer informasjon og veiledning for søknad om driftskonsesjon finnes på hjemmesiden vår: www.dirmin.no

Vennlig hilsen

Randi Skirstad Grini
direktør

OVERSIKT OG INFORMASJON OM MASSETAK

Regelverk

Dei viktigaste lover og forskrifter er:

- Lov om erverv og utvinning av mineralressurser av 19. juni 2009 nr. 101 (minerallova)
- Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.) og tilhøyrande forskrifter
 - Forskrift om byggesak av 26. mars 2010 nr. 488 (SAK 10)
 - Forskrift om tekniske krav til byggverk av 26. mars 2010 nr. 489 (TEK10)

Krav om driftskonsesjon

Frå 1. januar 2015 skal alle massetak som er omfatta av minerallova ha driftskonsesjon og godkjent drifts- og avslutningsplan.

Eit fåtal massetak kan drive i henhald til tidlegare konsesjon etter mineralloven § 69 femte ledd. Dette gjeld følgjande massetak:

- massetak med ervervskonsesjon med driftsvilkår etter konsesjonslova, kalksteinslova eller kvartslova
- massetak med konsesjon med driftsvilkår etter industrikonsesjonslova

Drift utan naudsynt konsesjon inneberer at direktoratet for mineralforvaltning kan iverksette tiltak og sanksjonar etter minerallova kapittel 12.

Krav om byggesakshandsaming

Etter den alminnelige regelen om søknadspliktig for tiltak i plan- og bygningslova § 20-1 fyrste ledd er massetak å rekne som eit «vesentleg terrenginngrep» som krev byggesakshandsaming, jf. bokstav k.

Plan- og bygningslova § 20-4 bestemme likevel at for nokon typar tiltak som har løyve etter anna lovgiving er unntatt frå kravet om byggesakshandsaming.

For massetak gjeld følgjande unntak frå byggesakshandsaming, jf. byggesaksforskrifta § 4-4 fyrste ledd bokstav b:

Steinbrudd, gruver og massetak med tilhørende knuseverk og sorteringsanlegg som er i samsvar med gjeldende reguleringsplan og som er gitt konsesjon etter bestemmelser gitt i eller med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 101 om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven).

Loven set altså to vilkår for at eit massetak skal vere unntatt frå regelen om byggesakshandsaming:

- Godkjent reguleringsplan
- Konsesjon etter føresegnene gitt i eller i medhald av minerallova

Søknad, prosjektering, utførelse og eventuelt kontroll av tiltaket skal forestås av føretak med ansvarsrett (godkjenning) for denne typen arbeid, jf. plan- og bygningslova § 20-1 andre ledd. Ansvarsrett kan både vere gjeve som lokal eller sentral godkjenning.

Lokal godkjenning blir gjeve av den enkelte kommunen etter ei vurdering av om føretaket oppfylle krava og kvalifikasjonar som nemnt i byggesaksforskrifta kap. 9 til kap. 12. Godkjenninga gjeld då i den enkelte kommunen.

Sentral godkjenning blir gjeve av direktoratet for byggkvalitet og gjeld i heile landet.

Krav om reguleringsplan

Arealdelen i kommuneplanen til Eid (2007-2018) og den nye kommuneplanen for Eid som er under utarbeiding set vilkår om at samtlege massetak skal ha godkjent reguleringsplan.

Reguleringsplanen skal mellom anna innehalde ei avgrensing av massetaksområde, infrastruktur til massetaket, sikringstiltak, korleis området skal nyttast etter at massetaket er avslutta osv.

Driftsplan og innhald

Ein driftsplan skal mellom anna innehalde informasjon om tidsplanen for massetaket, transportplan, arbeidstid på massetaket, varslingsmåte før sprenging, støv- og støyreducerende tiltak osv.

Massetak i Eid kommune

Massetak	Kommuneplanstatus	Reg.plan	Aktivitetsstatus	Type	Konsesjon	Driftsplan	Driftsselskap
Kjølisdalen	Råstoffutvinning	Nei	Ingen aktivitet	Ukjent	Ukjent	Nei	Ukjent
Norsmona	Råstoffutvinning	Nei	Drift	Grus	Nei	Nei	Norsand AS
Roti	Råstoffutvinning	Nei	Ingen aktivitet	Grus	Ukjent	Nei	Ukjent
Svora	Råstoffutvinning	Nei	Ingen aktivitet	Stein	Ukjent	Nei	Ukjent
Vedvikmona (øst)	Råstoffutvinning	Nei	Ukjent	Grus	Nei	Nei	Norsand AS

Lund	Råstoffutvinning	Nei, under arbeid, dispensasjon ut 2014	Drift	Murestein	Nei	Nei	Alvin Drage AS
Naustdalstranda 2	Råstoffutvinning	Ja	Drift	Pukk	Nei	Ja	Inge Jan Dalset
Leivdalsmona	Råstoffutvinning	Ja	Ingen aktivitet	Grus	Nei	Nei	Knardal Maskin AS
Nor	Råstoffutvinning	Ja	Drift	Pukk	Nei	Ja	Norsand AS
Vedvikmona	Råstoffutvinning	Ja	Drift	Grus	Ja	Nei	Norsand AS
Lefdalsgruva v/Bryggja	Råstoffutvinning	Nei, under arbeid	Ingen aktivitet	Olivin	Ja	Nei	Sibelco Nordic avd. Bryggja
Skårhaug	Råstoffutvinning	Ja	Drift	Pukk	Nei	Ja	Per Røyrhus AS
Naustdalstranda	Råstoffutvinning	Ja	Drift	Pukk	Nei	Nei	Volda Maskin AS

Lista er gjeve av direktoratet for mineralforvaltning og oppdatert av Eid kommune sist i 2013. Eid kommune tar forbehold om at lista kan inneholde feilopplysningar.

Samtlege massetak går under overgangsordninga i minerallova § 69 nr. 5, jf. § 69 nr. 6 og har krav om driftskonsesjon.

Massetak under godkjenning

Eid kommune er ikkje orientert om massetaka i lista ovanfor har søkt om eller fått godkjent driftskonsesjon med direktoratet for mineralforvaltning.



Alvin Drage AS
Eidsgata 38
6770 NORDFJORDEID

Vår ref.
09/1049-16/K2-U24, K3-&58//SKB

Dykkar ref.

Dato:
31.01.2014

MELDING OM VEDTAK - DISPENSASJON FRÅ KRAV OM REGULERINGSPLAN - MASSETAK PÅ LUND

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen tilrår at søknad om dispensasjon blir avslått.

30.01.2014 FORMANNSKAPET

Det vart i møtet lagt fram opplysningar om at det er inngått avtale med Nordplan om å utabeide reguleringsplan.

*Følgjande vart fremma som fellesframlegg frå Formannskapet:
Søknad om dispensasjon vert innvilga. Ein føreset at reguleringsplan og godkjent driftsplan ligg føre innan utgangen av 2014.*

F-014/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Søknad om dispensasjon vert innvilga. Ein føreset at reguleringsplan og godkjent driftsplan ligg føre innan utgangen av 2014.

Viser elles til vedlagde saksutgreiing.

Vedtaket kan påklagast, jf. lov om behandlingsmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf. forvaltningslova § 29.

Med helsing

Synnøve Kvalheim Berg
Byggesaksbehandler
57885805



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	30.01.2014	014/14	SKB

Avgjerd av: Formannskapet	Arkiv: U24 &58	Arkivsaknr
Saksbehandler: Synnøve Kvalheim Berg	Objekt:	09/1049

Søknad om dispensasjon frå krav om godkjent reguleringsplan - massetak på Lund - gnr. 67 bnr. 1

Prenta vedlegg:

1. Opning av tilsyn - sendt frå Eid kommune 3. desember 2009
2. Svar på brev om opning av tilsyn frå Hulebyggaren AS – motteke Eid kommune 11. desember 2009
3. Referat frå førehandskonferanse – sendt frå Eid kommune 13. januar 2013
4. Forslag til planprogram frå Hulebyggaren AS – motteke Eid kommune 12. april 2010
5. Tilbakemelding på forslag til planprogram – sendt frå Eid kommune 12. oktober 2010
6. Krav om reguleringsplan, varsel om stans – sendt i frå Eid kommune 17. desember 2013
7. Søknad om dispensasjon frå Hulebyggaren AS – motteke Eid kommune 16. januar 2014

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

1. Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71 (pbl.)
2. Eid kommune sin arealdel for 2007-2018

Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå føresegne i kommuneplanen sin arealdel om krav til godkjent reguleringsplan for massetak på gnr. 67 bnr. 1, jf. pkt. 1.1.

Bakgrunn for saka:

Alvin Drage AS har vore drivar av massetak på Lund, gnr. 67 bnr. 1 i 3 år utan at det ligg føre godkjent reguleringsplan.

Saksutgreiing:

Eigar av gnr. 67 bnr. 1 mottok den 3. desember 2009 brev om opning av tilsyn. I brevet blei det redegjort for at drift av massetaket krevde godkjent reguleringsplan i henhold til føresegnene i Eid kommune sin arealdel for 2007-2018. Det blei vidare vist til at tiltaket var ulovleg i henhold til plan- og bygningslova sine føresegne og varsla pålegg om stans i drifta.

Eid kommune mottok svar den 11. desember 2009 om at reguleringsarbeidet ville bli satt etter at møte med Eid kommune var gjennomført.

Møte blei avholdt 4. januar 2010 og referat frå møte blei sendt ut den 13. januar 2010. Eit forslag til planprogram blei framlagt av Hulebyggaren AS den 12. april 2010. Eid kommune kom med si tilbakemelding på forslaget den 12. oktober 2010. Etter dette tidspunktet har Eid kommune ikkje motteke noko.

Eid kommune sendte den 17. desember 2013 brev om kravet til reguleringsplan og varsel om pålegg om stans i drifta. Eid kommune mottok svar om at reguleringsarbeidet var overtatt av Nordplan AS og at det blei søkt om dispensasjon frå krav kommuneplanen sine føresegne om godkjent reguleringsplan fram til den låg føre.

Vurdering:

Det kan gis dispensasjon frå kommuneplanen etter pbl. §§ 19-1 flg.

Vilkåra er etter pbl. § 19-2 at omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, ikkje vert *”vesentlig tilsidesatt”*. Vidare er det eit vilkår at *”fordelene ved å gi dispensasjon må være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.”*

Bakgrunnen frå kravet om reguleringsplan er at massetak innebære store inngrep i naturen og dette medføre eit behov for å sikre ei forsvarlig planavklaring, ein plan for gjennomføring av tiltaket og at berørte private og offentlige interesser skal få høve til å uttale seg til tiltaket. Særlege om omsyn til massetaket kan mellom anna vere omsynet til omgivelsane, fare for forurening og støy, forsvarleg drift osv.

Administrasjonen vurderer det slik at omsyna bak føreegne det vert dispensert frå vert *«vesentlig tilsidesatt»* ved å tillate drift utan godkjent reguleringsplan. Administrasjonen kan heller ikkje sjå at fordelande ved å tillate drift utan godkjent reguleringsplan vil vere *«klart større»* enn ulempa, jf. pbl. § 19-2.

Eid kommune vise for øvrig til at massetak på Svora også har vore stansa som følgjer av manglande reguleringsplan og at omsynet til likebehandling tilseie at det ikkje skal gjevast dispensasjon i dette høve.

Gebyr for tenester etter Plan og Bygningslova:

jf Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova, vedteken med heimel i pbl. § 33-1.

14. i) Dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel	6100,-
	-
Totalt:	6100,-

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter faktureringsdato.

Eid kommune gjer oppmerksam på at i henhold til forskrift (FOR-2013-10-24-1698) om gebyrregulativ for saks-handsaming etter plan- og bygningslova mv. for Eid kommune skal gebyr for søknad om dispensasjon fakturerast, uavhengig av avslag eller godkjenning, jf. § 13.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen tilrår at søknad om dispensasjon blir avslått.

30.01.2014 FORMANNSKAPET

Det vart i møtet lagt fram opplysningar om at det er inngått avtale med Nordplan om å utabeide reguleringsplan.

Følgjande vart fremma som fellesframlegg frå Formannskapet:

Søknad om dispensasjon vert innvilga. Ein føreset at reguleringsplan og godkjent driftsplan ligg føre innan utgangen av 2014.

F-014/14 VEDTAK(SAMRØYSTES):

Søknad om dispensasjon vert innvilga. Ein føreset at reguleringsplan og godkjent driftsplan ligg føre innan utgangen av 2014.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 005/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/315
---	-------------------------------------	-------------------------------

Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.11.2014	Framlegg til reglement for Eid kontrollutval	871
04.02.2015	Framlegg til reglement for høyring i kontrollutvalet	1565

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

1. Framlegg til reglement for kontrollutvalet datert 17.11.14, vert vedteke.
2. Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet datert 4.2.15, vert vedteke.

...

Saksutgreiing:

Vi viser til saksutgreiing og handsaming i kontrollutvalet 25. november 2014. Her er møtehandsaminga med vedtak og utgreiing (kursiv):

Handsaming i Eid kontrollutval 25.11.2014:

Framlegg i møtet:

Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak til neste møte med reglement for kontrollutvalet og reglement for høyring i same sak.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat arbeider med ajourføring av reglement for kontrollutvala i dei 15 kommunane som vi yter tenester for. Vi tek sikte på at alle utvala skal ha oppdaterte reglement før valet hausten 2015.

For Eid sin del, har vi ikkje funne tidlegare reglement i våre papir. Vi har også hatt kontakt med kommuneadministrasjonen med spørsmål om dei har slikt reglement tilgjengeleg. Så langt har vi ikkje fått tilbakemelding. Det har i alle høve vore endringar mellom anna i kommunelova dei seinaste åra slik at også dei reglementa som er eldre enn ca 3 år bør reviderast. Sekretariatet meiner difor det uansett er ønskjeleg å ta opp sak om reglement for kontrollutvalet.

Sekretariatet rår til at det vert vedteke reglement for Eid kontrollutval etter same mal som dei fleste andre utvala i dette området. Ved å følgje [denne lenka](#), finn de oversikt over reglement i «SEKOM-kommunane».

Framlegget til reglement er først og fremst ei formalisering av det som pr i dag er arbeids- og ansvarsområde.

Tilleggsutgreiing til møte 24.2.15:

Reglement for høyring

Sekretariatet legg ved framlegg til reglement for høyring. Dette er likelydande med framlegg som Naustdal kontrollutval har tilrådd til kommunestyret der. Fleire andre utval har lagt opp til same handsaming som Eid, ved å be om sak med begge reglementa samla. Reglementet er ei omsetjing til nynorsk av det reglementet som Forum for kontroll og tilsyn (FKT) har utarbeidd i samband med «Veileder for høyringer». Sjå meir på [FKT sine nettsider](#).

Vi reknar ikkje med at høyring vert mykje brukt. Dette er ein reiskap som berre er aktuell i få saker og sekretariatet reknar med at det vil gå mange år og truleg valperiodar mellom kvar gong det vert nytta. Likevel, ser vi det som nyttig å ha eit slikt reglement klart til bruk dersom det dukkar opp ei sak der høyring er ein aktuell framgangsmåte.

Dato: 17.11.14

Vår referanse:

Arkiv:

Framlegg til reglement for Eid kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørge for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 5 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller

bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørge for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggjast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørge for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret.

Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemmane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggst til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse , telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for at innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Dette framlegget er ei omsetjing frå bokmål til nynorsk av reglement som ligg i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin «Veileder for høyringer i kontrollutvalgene». Ved sidan av omsetjing, er det gjort små endringar. [Sjå FKT sine nettsider.](#)

Dato: 4.2.2015

Vår referanse:

Arkiv:

Framlegg til reglement for høyring i kontrollutvalet

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontrollsaker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medleamar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.
2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggst ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unnatak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelaagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 006/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 15/25
---	-------------------------------------	------------------------------

Årsmelding 2014 - Eid kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.01.2015	Årsmelding 2014 - Eid kontrollutval	1253

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Framlegg til årsmelding datert 8.1.14, vert godkjent.

...

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding 2014 frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer vedlagt.

Årsmeldinga er stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa, jfr. kommunelova § 77 pkt. 6, som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat og revisor for kontrollutvalet, omtale av saker som har blitt handsama og sendt vidare til kommunestyret, orienteringar frå rådmannen med meir.

Utkast datert 8.1.15

Eid kontrollutval Årsmelding 2014



Kontrollutvalet si handsaming

Dato: 24.2.2015
Saksnummer: 006/15
Referanse: 15/61

Innleiing

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det ei eiga forskrift: Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegner av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

SEKOM-sekretariat har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2014. Kommunerevisjonen i Nordfjord har vore revisor både for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Medlemar

	Faste medlemar
1	Roy André H Bruvoll, leiar
2	Kristen Hundeide, nestleiar
3	Hilde Henriksen
4	Siv Emdal
5	Per Tore Borgund
	Personlege varamedlemar
1	Ida Elisabeth Lien Ohrvik
2	Karin Husevåg
3	Eivind Bjørke
4	Terje Johnsen
5	Kåre Nils Os

Møte og saker

Utvalet hadde 5 møte og handsama 51 saker. I 2013, var det 5 møte og 47 saker. I møta, er det sett opp fast sak der medlemmane deler på å orientere om protokollar frå utval og styre i Eid kommune.

Saker til kommunestyret

Desse sakene har gått vidare frå kontrollutvalet til kommunestyret, anten til handsaming eller til orientering:

Møtedato	Sak nr	Sakstittel
28.01.2014	5	Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap
28.04.2014	13	Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Eid
	14	Årsrekneskapen 2013 - Eid kommune
	15	Årsrekneskap 2013 - Eid Fjordvarme KF
	16	Årsrekneskap 2013 - Eid Industrihus KF
12.06.2014	26 - 33	Prosjektrekneskap / sluttrapport for diverse investeringsprosjekt
10.09.2014	40	Budsjett for Eid kontrollutval 2015

Orienteringar frå rådmannen

Kontrollutvalet har fått orientering frå rådmannen eller andre frå administrasjonen:

Møtedato	Sak nr	Tema for orientering
28.01.2014	4	Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjon innkjøpsfunksjonen
	6	Nettbrett til kontrollutvalet
	7	Innhenting av dokumentasjon i byggesak Eidsgata gnr 44 bnr 162
12.06.2014	23	Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet
	25	Masseuttak Eid kommune

Kurs og konferansar

Roy André H Bruvoll deltok på fagkonferanse for kontroll og tilsyn i Haugesund den 3. og 4. juni. På kontrollutvalsmøte den 12. juni, orienterte han frå samlinga.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Det har ikkje vore utført selskapskontroll i 2014. Rekneskap for dei kommunale føretaka Eid Fjordvarme og Eid Industrihus er handsama av kontrollutvalet. Forvaltningsrevisjon om «Oppfølging av vedtak» vart handsama av kontrollutvalet den 25.11.14 og sendt vidare til kommunestyret. I same møte, tinga utvalet nytt prosjekt om «Samhandlingsreforma». I dette revisjonsprosjektet, lagar Kommunerevisjonen i Nordfjord felles rapport for fleire kommunar. Frist for rapport er sett til innan utgangen av 2015.

Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Eid kommune, årsrekneskap for 2 kommunale føretak og prosjektrekneskap frå 8 investeringsprosjekt. Rekneskapsrevisor har informert utvalet om plan og status for sitt arbeid.

Oppsummering

Alle saklister med vedlegg og møtebøker for kontrollutvalet er tilgjengeleg på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.

Underskrifter

Eid, 24. februar 2015

Roy André H Bruvoll, leiar

Kristen Hundeide, nestleiar

Hilde Henriksen

Siv Emdal

Per Tore Borgund

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 007/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 15/1
---	-------------------------------------	-----------------------------

Møteplan 2015 Eid kontrollutval

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar:

24. februar
28. april
9. juni
8. september
17. november

...

Saksutgreiing:

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i dei 15 kommunane.

SEKOM-sekretariat startar med møte og opplæring av kontrollutvala, etter at kommunane har føreteke val av nye kontrollutval og sendt ut opplysningar om dette. Det siste møte på planen for 2015, er såleis tenkt som oppstartmøte for det nye utvalet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 008/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/125
---	----------------------	-------------------------------

Orientering - protokollar utval / styre

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

...

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 009/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1443	Arkivsaknr.: 14/336
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 1 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvalsarbeid – tiltak (15/10)	23.11.10	23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
Forvaltningsrevisjon: Oppfølging av vedtak (08/14)	28.04.14	Vedtak: Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Oppfølging av vedtak, vert teke til vitande. Leveringsfrist: 1.10.2014 29.04.2014 sendt til Kommunerevisjonen Kontrollutvalet ynskjer info på møte 10.9.2014 Tinginga handsama i sak 08/14, 28.1.2014 og sendt Kommunerevisjonen same dag. 10.9.2014: Informasjon om status ved revisjonssjef Markvard Sunde. Handsamast på neste KU-møte 25.11.14 25.11.14, sak 45/14 – vedtak om rapporten: 1. Rapport frå forvaltningsrevisjon om oppfølging av vedtak vert teken til orientering. 2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp tilrådingane på

		<i>side 4 i rapporten.</i> 26.11.14: Sendt til Eid kommune for handsaming i kommunestyret. 11.12.14: Kommunestyret vedtok kontrollutvalet si tilråding.
Masseuttak Eid kommune (25/14)	12.6.2014	Handsama tidlegare i sak: 048/12 i møte 27.11.2012 Ba om rapport 004/13 i møte 27.02.2013 Orientering 036/13 i møte 10.09.2013 Orientering 12.6.2014 Vedtak: Orienteringa vert teke til vitande Saka vert teke opp att i april 2015.
Budsjett for Eid kontrollutval 2015 (40/14)	10.9.2014	Vedtak. 11.9.14: Sendt til Eid kommune.
Forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma – erfaringar (46/14)	25.11.2014	25.11.14, 46/14 – vedtak: 1. <i>Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Samhandlingsreforma – erfaringar.</i> 2. <i>Prosjektet kan utførast som felles rapport med andre kommunar.</i> 3. <i>Framlegg til prosjektplan vert lagt fram til første møte i 2015. Frist for rapport vert sett til innan utgangen av 2015.</i> 4. <i>Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.</i> 5. <i>Prosjektplan kan drøftast i fellesmøte med alle kontrollutvala.</i> 25.11.14: Vedtaket sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord.
Rekneskapsrevisjon (47/14)	25.11.2014	25.11.14, 47/14 – Rekneskapsrevisjon – informasjon om plan og status. Handsaming: <i>Gjennomgang ved Kommunerevisjonen i Nordfjord: Markvard Sunde og Kay Rune Solheim.</i> <i>Utvalet ønskjer orientering om planlagt revisjon før valet hausten 2015.</i>
Reglement for kontrollutvalet (48/14)	25.11.2014	25.11.14, 48/14 – vedtak: <i>Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak til neste møte med reglement for kontrollutvalet og reglement for høyring i same sak.</i>
Møteplan 2015	25.11.2014	25.11.14, 50/14 Frå Eventuelt: Første møte i 2015: 24. februar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Eid kontrollutval	Møtedato 03.03.2015	Saksnr 010/15
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/126
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).